



Linda Tvedt frå Herøysund er trufast mot strikkekafeen. Her rettleiar ho to debutantar - Lene Taranger frå Korsnes og Anja Strüter frå Skorpo

Eitt av de vellukka tiltaka i regi av Uskedalen Utvikling er strikkekafeen i Gamleskulen og snart er det 2 år sidan strikkepinnane første gong gjekk som trommestikkar der.

Det gjorde dei igjen i kveld og initiativtakar Jane Haaranes lovar at det også skal bli ein strikkekafe i februar.



Betere strikkelys prega strikkekafeen i Gamleskolen i kveld.

No kan ho til og med frista med langt betre strikkelys, som den aldri sviktande 'vaktmeistaren' for Gamleskolen Janne Olsson har fått monterert på stutt varsel. Ein annan nyheit i kveld var garnleverandøren. Det har som regel vore Kristlaug Bjørke frå Rosendal, men denne gongen var ho avløyst av Sigunn Antonsen frå Sunde som stilte opp med mykje Sandnesgarn.

Det var første gongen ho var engasjert i ein strikkekafe og ho var glad for oppdraget.

- Dette er berre ein hobby for meg. Eg er nattevakt i helsesektoren i 50 prosents stilling og supplerer med sal av garn frå eit rom som er 6 kvadratmeter stort, fortalde Sigunn. Ho hadde stor pågang frå dei strikkande.

Dei var det rundt rekna 20 av denne gongen og det var Jane fornøgd med på ein kveld med såpeglatte føretilhøve. Også fleire debutantar var på plass saman med dei trufaste og nokre som må kallast veteranar.

Ein av dei sistnemnde var Linda Tvedt

frå Herøysund som for 2 år sidan stilte opp med ein heimestrikka Noahs ark!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Magny Musland kjøper garn av Signn Antonsen